

Sivilombudsmannen
Stortingets ombudsmann
for forvaltningen

Besøksadresse
Akersgata 8, inngang Tollbugata
Postadresse
Postboks 3 Sentrum, 0101 Oslo

Telefon 22 82 85 00
Grønt nummer 800 80 039
Telefaks 22 82 85 11
post@sivilombudsmannen.no

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep.
0030 OSLO

SOM

Vår referanse
2008/381

Deres referanse

Vår saksbehandler
Gustav Haver

Dato
22.02.2008

KLAGE OVER MANGLANDE JOURNALFØRING OG NEKTA INNSYN

./ Me viser til vedlagde kopi av brev 14. februar 2008 med vedlegg frå Vidar Ystad i Bergens Tidende, vedrørende manglande journalføring og nekting av innsyn i samband med sak om tilsetjing av barneombod.

Det er funne grunn til å undersøkje saka nærare. Me ber om at departementet gjer greie for følgjande:

1. Etter arkivforskrifta § 2-6 første ledd er utgangspunktet at saksdokument som går ut frå eller kjem inn til eit forvaltningsorgan skal journalførast. Riksarkivaren har i vedtak 3. juli 2007 uttrykkelig stadfesta at dette også gjeld for dokument i tilsetjingssaker.

Ystad opplyser i brevet til ombudsmannen at søknader og andre dokument i saka om tilsetjing av barneombod ikkje vart ført inn i den offentlege postjournalen til departementet. Me ber departementet opplyse om dette er riktig, og om dokumenta i så fall vart journalført på annan måte. Er framgangsmåten som vart nytta i samsvar med departementet sin alminnelege praksis for journalføring av dokument i saker om tilsetjing, og kva er i så fall det rettslege grunnlaget for denne praksisen?

2. I brevet til ombudsmannen klager Ystad også over at han er nekta innsyn i ei utarbeidd liste over dokumenta i saka om tilsetjing av barneombod. Me ber departementet opplyse om heimelen for dette avslaget. Vidare ber me departementet opplyse korleis førespurnaden om innsyn frå Ystad vart behandla, og om han vart gitt noko skriftleg avslag. Me ber også om at eventuelle dokument knytta til førespurnaden om innsyn frå Ystad vert sendt over hit saman med svaret frå departementet.

Så langt det er mogleg, ber me om at departementet utformer svaret til ombudsmannen slik at det kan føreleggjast klagaren. Skulle svarbrevet likevel innehalde opplysingar som

Barn- og likestillingsdepartementet


departementet meiner at ikkje skal vere offentlege, ber me om at dette vert opplyst uttrykkeleg. Slike opplysningar vil klagaren normalt ikkje verte gitt innsyn i her. Me ber likevel om at departementet oppgjev heimel for å nekte innsyn.

Me ber om svar snarast mogleg, og seinast innan 5. mars 2008.

For ombodsmannen



Kristian Brandt
kontorsjef



for Gustav Haver
førstekonsulent

Vedlegg

Kopi: Vidar Ystad

Departementsråd Harald Nybøen